



## PLANLEGGING AV NAUST ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA 2008

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gir i det følgjande råd om og døme på føresegner om naust i kommuneplanar og reguleringsplanar. Planar som legg desse råda og føresegnene til grunn, vil etter fylkesmannen sitt syn vere i samsvar med nasjonal strandsonepolitikk.

Råda er utarbeidd etter mal fra Fylkesmannen i Hordaland, som har fått tilført ekstra ressursar for å arbeide med problemstillingar knytt til strandsoneforvaltning.

Råda er meint som ei hjelp til kommunar og planleggarar som arbeider med naustområde i kommune- og reguleringsplanar. Fylkesmannen tar gjerne i mot tilbakemelding på korleis det er å bruke råda og føresegnene i praktisk planleggingsarbeid.

Døma på føresegner er utarbeidd med bakgrunn i:

- Plan- og bygningslova av 2008
- Lovkommentaren til plandelen av ny plan- og bygningslov
- Spørsmål og svar til ny plan- og bygningslov (plandelen) på planlegging.no
- Rettleiaren til kartforskrifta
- Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister. Del 2 – Spesifikasjon for tegneregler
- Strandsonerettleiar frå Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune

Når det gjeld storleik og utforming av naust, fokuserer fylkesmannen på tilhøve som er viktige for å sikre at naust vert nytta som uthus, ikkje som fritidsbustad/bustad. Naustområde kan vere verneverdige og det kan vere viktig å tilpasse nye naust til lokal byggjeskikk i høve til takform, farge- og materialval m.m.

For at det skal vere enklare å halde råda oppdatert og fleksible for endring, vil gjeldande versjon ligge på Fylkesmannen i Møre og Romsdal si temaside om planlegging på [fmmr.no](#). Her ligg det også andre generelle råd om strandsona i kommuneplanar og reguleringsplanar, og anna aktuelt planstoff. Vi vil rá kommunane til å abonnere på nyhende frå plansidene våre.

### Naust i kommuneplanar

#### Generelt om naust og naustområde

Tekstdelen til kommuneplanens arealdel bør få fram at

- Naust er uthus for oppbevaring av båt, båtutstyr og fiskereiskap.
- Naustområde er å rekne som utmark. Det skal vere mogeleg for ålmenta å ferdast framfor naust og mellom naust/naustgrupper. Det er ikkje tillate med gjerde/levegg eller andre stengsler i naustområde (jamfør friluftslova § 1a, § 2 og § 13). □ Naust skal ikkje omdisponerast til bustad/fritidsbustad.



Naust er ikkje eit eige arealføremål på kommuneplannivå. Kommunen kan gjennom føresegner til arealføremål etter § 11-7 nr 5 (*landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift, underformål areal for spredt bolig-, fritids- eller næringsbebyggelse mv.*) og 6 (*bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone*) vise at det er opna for spreidd utbygging av naust. Dersom kommunen unntaksvis skulle ynskje å legge til rette for konsentrert naustutbygging på eit avgrensa område, kan dette i planen visast som eige arealføremål etter § 11-7 nr 1 (*bebyggelse og anlegg*).

I ein kommuneplan kan det vere aktuelt å nytte ulike heimlar for ulike naustområde. Kommunane bør vurdere kva som er mest tenleg i konkrete område. Generelt vil Fylkesmannen rá til at § 11-7 nr 5 og 6, spreidd utbygging, vert nytta som heimel for vidare utbygging i etablerte naustområde. § 11-7 nr 1, konsentrert utbygging, kan vere aktuell til dømes i samband med fornying av allereie utbygde areal ved sjøen (til dømes der tidlegare industriområde vert gjort om til naustområde med småbåthamn).

#### Naust i kommuneplankartet

I plankartet skal naustområde med heimel i § 11-7 nr 5 og 6 avgrensast ved bruk av SOSIkode KpBestemmelseOmråde. Områda kan også gjevast påskrifta "N" eller "naust".

Når det gjeld SOSI-kode i kommuneplan rår vi til at ein nytta kode 1500 (Andre typar bygg og anlegg) med påskrift N eller Naust. Dette samsvarar også betre med at kode 1589 blir brukt i reguleringsplan, jf. teiknereglane.

Naust til næringsføremål fell inn under PBL § 11-11 nr 4 som opnar for å tillate nødvendige bygningar, mindre anlegg og opplag i 100-metersbeltet langs sjøen med sikte på landbruk, reindrift, fiske, fangst, akvakultur og ferdsel til sjøs.

#### Praktisk skilnad på spreidd og konsentrert naustutbygging

Når det gjeld den praktiske skilnaden på spreidd og konsentrert naustutbygging på kommuneplannivå, har Fylkesmannen merka seg følgjande:

- Naustområde etter PBL § 11-7 nr 5 og 6 kan byggjast vidare ut med heimel i kommuneplanen, så lenge det ikkje i kommuneplanen er knytt plankrav til området. For naustområde etter PBL § 11-7 nr 1 er det krav om reguleringsplan før vidare utbygging.
- Talet nye naust må avgrensast i kommuneplanen for naustområde etter PBL § 11-7 nr 5 og 6. For naustområde etter PBL § 11-7 nr 1 kan denne avgrensinga vente til reguleringsplannivået.

#### Føresegner til naustområde med heimel i § 11-7 nr 5 og 6:

Omfang og lokalisering av naust i naustområde med heimel i § 11-7 nr 5 og 6 må avgrensast gjennom føresegner etter PBL 11-11 nr 2. Det bør også presiserast kva andre tiltak enn naust det generelt er opna for i slike naustområde og i kva tilfelle det er krav om reguleringsplan før vidare utbygging.



### Omfang (PBL § 11-11 nr 2)

Omfanget av naustutbygging må talfestast for dei ulike naustområda i kommuneplanen. Fylkesmannen rår til at dette vert gjort ved å presisere kor mange nye naust som kan førast opp i planperioden.

Døme på føresegns:

- |  |
|--|
| <input type="checkbox"/> <i>I naustområde [namn på området] kan det i planperioden førast opp [tal] naust.</i> |
|--|

### Lokalisering (PBL § 11-11 nr 2)

Kommuneplanen kan styre kvar i naustområda det kan kome nye naust. Fylkesmannen rår til følgjande føresegner for å sikre friluftsinteresser og landskapsomsyn.

- |   |
|---|
| <input type="checkbox"/> <i>Utbygging av naustområde skal ta omsyn til friluftsinteressene. Badeplassar og stiar/tilkomstvegar til sjøen skal ikkje byggjast ned.</i>   |
| <input type="checkbox"/> <i>Utbygging av naustområde skal ta landskapsomsyn. Det skal ikkje byggjast naust som krev utfylling i sjø eller skjerming i form av molo.</i> |

For naustområde der det er naturleg ut i frå konkrete landskapsomsyn, bør kommunen også vurdere å nytte følgjande føresegn:

- |   |
|---|
| <input type="checkbox"/> <i>Det skal ikkje byggjast naust som krev sprenging/utfylling/utgraving utover eit avvik på 0,5 meter i forhold til opphavleg terrengnivå.</i> |
|---|

### Mindre anlegg for ferdsel til sjøs (PBL § 11-11 nr 4)

Det bør presiserast kva andre tiltak enn naust det generelt er opna for i naustområde.

Fylkesmannen rår til at dette vert avgrensa til båtopptrekk til naust.

Nokre naustområde kan eigne seg for utlegging av flytebrygge eller etablering av småbåthamn. Kva område dette gjeld, bør avklarast i kommuneplanprosessen. Der det vert opna for slike anlegg, bør dei planleggast samla for heile området. Småbåthamn er eige arealføremål i kommuneplanar (SOSI-kode 6230).

Det bør ikkje opnast for kaiar eller faste brygger framfor naust. Erfaringsmessig ser Fylkesmannen at slike anlegg ofte vert tekne i bruk til private føremål, til dømes som terrasse med stolar og bord. Dette reduserer nausta si framtoning som uthus og kan føre til privatisering av strandsona.

Døme på føresegns:

- |   |
|---|
| <input type="checkbox"/> <i>I naustområde kan det etablerast båtopptrekk til naust.</i> |
|---|

### Plankrav (PBL § 11-9 nr 1)

Naustområde med heimel i PBL § 11-7 nr 5 eller 6 som skal byggjast ut med meir enn 3 naust bør regulerast for å sikre strandsoneverdiane knytt til landskap, natur, friluftsliv og allmenn ferdsel. Fylkesmannen rår til følgjande føresegn:

- |   |
|---|
| <input type="checkbox"/> <i>Naustområde med heimel i PBL § 11-7 nr [5 og/eller 6] skal regulerast ved utbygging av meir enn 3 naust i planperioden.</i> |
|---|

Det kan også vere aktuelt å knyte eit generelt plankrav til vidare utbygging av naustområde med særlege kvalitetar knytt til friluftsliv, landskap, kulturminne m.m. For planar med slike område kan følgjande føresegn nyttast:



- Naustområde [namn på naustområde] skal regulerast før vidare utbygging. Andre naustområde med heimel i PBL § 11-7 nr [5 og/eller 6] skal regulerast ved utbygging av meir enn 3 naust i planperioden.*

### **Føresegner til naustområde med heimel i § 11-7 nr 1:**

#### Plankrav (PBL § 11-9 nr 1)

For naustområde med heimel i PBL § 11-7 nr 1 er det krav om reguleringsplan før vidare utbygging. For slike område kan følgjande føresegner nyttast:

- Naustområde med heimel i PBL § 11-7 nr 1 skal regulerast før vidare utbygging.*

### **Føresegner til naustområde med heimel i § 11-7 nr 5 og 6 og § 11-7 nr 1:**

#### Utbyggingsvolum (PBL § 11-9 nr 5)

For å unngå at naust vert nytta som fritidsbustad/bustad er storleik og utforming avgjerande. Fylkesmannen rår til følgjande føresegner for å styre dette:

- Naust er bygg i ein etasje med bruksareal (BRA) mindre enn 40 m<sup>2</sup>. Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal.*
- Mønehøgda (øvste gesimshøgda for naust med takform utan møne) skal vere under 5 meter frå normalt høgvatn (NGO – nullpunkt landkart) eller terrengnivå under bygning.*
- Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal (BRA).*
- Altan/utkraging er ikkje tillate.*

Tradisjonelle naust i Møre og Romsdal har oftast saltak. Fylkesmannen har ikkje innarbeidd dette som råd i døma på føresegner etter ny plan- og bygningslov. For naust med anna takform enn saltak, rår vi til at byggjehøgda på naustet vert tilpassa utforminga av bygget elles. I dei fleste slike saker vil det vere naturleg med lågare byggjehøgde enn 5 meter.

#### Estetikk (PBL § 11-9 nr 6)

Føresegner om estetisk utforming av naust (t.d. takform) kan gjevast etter PBL § 11-9 nr 6.

## **Naust i reguleringsplanar**

#### Heimel for arealføremålet naust

Naustområde i reguleringsplanar skal regulerast etter PBL § 12-5 nr 1: *Bygningar og anlegg*, underformål *Andre typar bygningar og anlegg – uthus/naust/badehus*. SOSI-koden er 1589.

#### Utforming og bruk (PBL § 12-7 nr 1)

Fylkesmannen rår til følgjande føresegner for å unngå at naust vert nytta som fritidsbustad/bustad, og for å sikre landskapsomsyn i naustområde:

- Naust er uthus for oppbevaring av båt, båtutstyr og fiskereiskap.*
- Naust er bygg i ein etasje med bruksareal (BRA) mindre enn 40 m<sup>2</sup>. Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal.*
- Mønehøgda (øvste gesimshøgda for naust med takform utan møne) skal vere under 5*



*meter frå normalt høgvatn (NGO – nullpunkt landkart) eller terrengnivå under bygning.*

- Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal (BRA).*
- Altan/utkraging er ikkje tillate.*
- Takutstikk skal ikkje overstige 0,5 meter.*
- Utfylling i sjø er ikkje tillate utover utfyllingar synte i reguleringsplankartet .*
- Ved oppføring av fleire naust skal desse grupperast i grupper på to til tre naust.*
- Naust i rekke skal forskyvast i forhold til kvarandre.*

For naustområde der det er naturleg ut i frå konkrete landskapsområder, bør kommunen også vurdere å nytte følgjande føresegn:

- Det er ikkje tillate å sprengje/fylle opp/grave ut meir i terrenget enn eit avvik på 0,5 meter i forhold til opphavleg terrengnivå.*

PBL § 12-7 nr 1 heimlar også føresegner om estetisk utforming av naust. Dette kan til dømes gjelde takform, farge- og materialval.

#### Vilkår for bruk av areal (PBL § 12-7 nr 2)

Fylkesmannen rår til følgjande føresegner for å legge til rette for allmenn ferdsel i naustområde:

- Det skal vera mogeleg for ålmenta å ferdast framfor naust og mellom naust/naustgrupper.*
- Det er ikkje tillate med gjerde/levegg eller andre stengsler i naustområde.*